

Prolog ved Johan Bernt Ulla

Vigsling av Austnes skule torsdag 10. desember 1959

Me veit det er sagt
at kunnskap er makt.
Vis manns tale og vis manns råd
går som ein gyllen tråd
gjennom soge og segn.
Mannen som tagde og tenkte
når våpna i kring han blenkte.
Han tok lærdom av drap og strid
og gjerne gav grid.
Unggut som yppa seg stridbar og fus
møtte sin Asbjørn frå Medalhus.

So ofte det var
ein tenkjar, ein grundar som kravde eit svar.
Ein granskar som leita og grov
og fann ein einskild tråd i livsens mangeslungne lov.
Ein tufs i si tid, men ein vismann han var.
Han som rita dei første runer i stuvar og stein.
Med flint og feisel hamra han ut
vår eldste soge – ein eignelut.
Midt i ei stridstid, med blodhevn og hat
i mørke koleljos ein Snorre sat,
men i denne blafrande koleloge
skaptest vår tindrande kongesoge.

Mangt vart skrive om skikkar og seder,
som ervdest til søner frå feder.
Hylling av truskap og mot,
skaldar som kvad på versefot
om gjestevenskap og høvisk ferd,
om sannings tale og gjæv manns gjerd.
Kongespegelen, ordknapp og klår
gjev høvdingmoralen i saga vår.
Hundradårsnatta – langdryg og svart,
låmande låg over landet.
Taumkøynde tankar turka som kart,

talen var fengsla i futebandet.
Men nyskapt or natta ris
storfelde nye tankar.
Vårløysing – smeltande is
ei ny tid på døra bankar.

Me ser attende hundrad år.
Det var segl og tunge årar.
Same båt og same fårar
som for dei som ein gong for
fredlause i vesterveg.
Mange vende frå si utferd ei attende.
For ein triumf då første båten pløgde
fram mot bære, storm og kave.
Optimistens tankar glødde:
"Me kan meistre heile havet!"
Pessimisten skok på seg,
Djupt i lomma stakk han neven
tala klokt og vyrdeleg:
Dette hersens maskinleven
vert vår visse undergang,
fisken skræmest då frå land!
Atterstegets visse ordtak var og er:
"Me veit kva me har, ikkje kva me fær."
Optimisten gjekk i teten,
og hans store, djerve tankar
snart erobrar alle havets bankar.
Åttringåra ligg på beten.

Vitenskapens kløkt og tanke -
grublaren si sterke tru
-matematisk vel utrekna -
skapte denne sterke bru
mellom teori og yrke.
Dette er vår samtids styrke.
Skipperen står stød bak roret.
Han kan høyre kvart eit ordet
når hans kameratar svallar
hundradvis av mil i frå,
og kan svare når dei kallar,
radio'n er alltid på.

Peilar, ekkolodd og radar
viser vel kvar han held til.
Der er ikkje nokon tvil.
Tunge fly frå bakken lettar,
med hundradvis av folk om bord.
Sjå kor susande raketar
krinsar kring vår vesle jord.
Lenger ut i verdensrommet
mannaviljen trår å kome.

Gjennom mikroskopets klåre linser
leitar kvasse, gløgge augo enn.
Unge, seige viljesterke menn
er på vandring inn i nye krinsar.
Her er sjukdomskjelder som skal finnast,
gåter som skal løysast, vanskar overvinnast.
Gjennom hospitalets ljose, lune hallar
sviv på lette fot ein fager ungdomsskare.
Vare hender turkar over sveitte skallar
Og får takk av arbeidshender harde.

Undrande barneaugo stirer
ut i det myldrande liv.
Motorane durar og dirrar
Allstad er hjul som sviv.
Alt er så spanande, gildt og rart.
Her er så mykje med liv og fart,
traktorar på alle tegar,
bilar etter alle vegar.
Guten ser med lengting på,
snart skal han bak roret stå.

Store barneflokkar vankar
inn i ljose skulesalar
grublar kvar i sine tankar.
Der sit ein og teiknar båten
som skal lagast av eit emne
som han fekk av far i går.
Rorhus, rekke, mast og stemne,
sikkert rette svipen får.

Ein skal verte maskinist
på ein veldig utlandsfarer.
Burt seg drøymar,
aldri visst på kateterspørsmål svarer.
Ein han drøymar om ein bil.
Om han får det som han vil,
vert han nok sjåfør med tida,
men det er så leidd å bia.

Bakom sume strie luggar
sit ein trufast leksepuggar,
han som lærar kvart eit ordet
og som aldri, aldri torde
gå på skulen utan han
kunne kvar den minste grand.
Han skal snart i kø seg stille
for å score nok poeng,
lese natt og dag på spreng.
Skal han nå det målet han ville
må nok tida nyttast vel.
Konkurransens ville jag
aukar visst frå dag til dag,
og slit på lekam, sinn og sjel.

Her me vigslar nye salar
til ei stor og viktig gjerd.
Her skal samlast kunnskaps skattar
som skal bli til varigt verd.
Alt er nytt og gjevt og glupt,
måtte her det pløggjast djupt
i den gode jord.
Gjev at her må grundigt gjødslast,
gjev at her må rikleg ødslast
med dei gode ord.
Gjev her lærarar må bli,
som har tru på liv og æve,
som kan hugse midt i strævet.
Det er nettopp, nettopp slike små
som erver himmelriket.

Mykje tolmod, lite svolk,
rettferd, handlekraft og mynde
gjer ein trassig fyr til folk.
Det er lærarens eksempel
som gjer skulen til eit tempel.
Kunnskaps trå og kunnskaps ære,
kunnskaps makt og kunnskaps styrke,
kloke menn i ånd og yrke.
Skulens motto alltid vere:
"Alt av ånd vil opp og fram!"

Prolog skriven og framført av Johan Bernt Ulla